

Høyringsfråsegn- Konsesjonssøknad Onarheim Kraftverk

Innleiing og samandrag

Viser til Sunnhordland Kraftlag AS sin konsesjonssøknad om løyve til å bygge Onarheim kraftverk i Hellandsvassdraget i Kvinnherad kommune, Hordaland fylke, datert 23.08.2017 (NVE saksnummer 201406675).

Grunna konflikt med området sin verdi for friluftsliv, landskap, naturoppleving og kulturminner som medfører ulempe- og skadeverknader for desse interessene, så meiner undertekna at SKL ikkje bør få konsesjon. Med denne uttalen ønskjer me å få fram opplysningar me meiner ikkje kjem klart nok fram i konsesjonssøknaden, og som bør vektleggjast og inngå i avgjerdsgrunnlaget når NVE skal vurdere saka.

I følgje retningslinjene til Fylkesdelplanen for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021, pkt. R7, heiter det: «Ein bør vise varsemd ved utforming av ny vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi.»¹ Bremstølen, området der inntaket til Onarheim kraftverk er planlagt, er eit av dei mest besøkte turmåla i Kvinnherad og er i Kvinnherad kommune si kartlegging av friluftsområde (ei utdjuping av Hordaland fylkeskommune si kartlegging – sjå vedlegg 1) nettopp vurdert til «Svært viktig friluftsområde» med «Stor brukarsekvens».² Ei utbygging av Onarheim kraftverk kjem med andre ord i høgste grad i konflikt med friluftsområde med stor verdi.

Ei utbygging blir i følgje SKL vurdert til å ha liten positiv samfunnsmessig konsekvens for Kvinnherad, då utbygginga verken vil føre til betydelege skatteinntekter eller arbeidsplassar.³ Bremstølen og Hellandselva har derimot svært høg verdi som eit nært og kjært tur- og rekreasjonsmål, med gangavstand frå Husnes, den tettast busette delen av Kvinnherad kommune. Turområdet er mykje brukt kvar dagar som helger gjennom heile året, og er soleis særskild viktig i eit miljø- og folkehelseperspektiv for mange av kommunen sine innbyggjarar. Den viltre, brusande elva slik den renn i dag er ein svært viktig del av turopplevinga, og er også eit sentralt kjennemerke i landskapsbiletet sett frå Husnes. Ei utbygging av Onarheim kraftverk vil gjere elva om til ein liten bekk. I søknaden frå SKL kan me lese at "Fraføring av vann i Hellandselva vil være visuelt negativt for rekreasjonsopplevelsen langs elveløpet"⁴ og ei minstevassføring vil "kun i avgrenset grad avbøte landskapseffekten".⁵

¹ <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/regionale-planar/smakraftplan-etter-vedtak-i-md-webutgave.pdf>

² <https://kommunekart.com/klient/Fonnakart/?funksjon=vispunkt&x=59.95140027486193&y=6.035614013671875&zoom=11&bakgrunnskart=0&kartlag=1224%253A%253AKvinnherad%2520kartlag%253AFriluftslivsom%25C3%25A5de%253B&>

³ SKL, 2017, s. 44.

⁴ SKL, 2017, s. 43.

⁵ SKL, 2017, s. 43.


I denne uttalen vil me utdjupe verdiane til Hellandsvassdraget slik det er i dag, og peike på konsekvensar ei eventuell utbygging vil ha. På bakgrunn av dette vil underteikna sterkt rå frå at det vert gjeve konsesjon til Onarheim Kraftverk.

Området sine kvalitetar i dag og konsekvensar av ei eventuell utbygging

- Ein utbygd region

Onarheim kraftverk er planlagd i Hellandsvassdraget i Kvinnherad kommune, i Hordaland fylke. Regionen er, som det blir peika på i søknaden, prega av vasskraftutbygging. Hordaland er det fylket på landsbasis med mest utbygd vasskraft.⁶ I Kvinnherad kommune er over 90% av vassdraga berørt av utbygging (teljing frå starten av 90-talet, truleg høgare i dag). Dei fleste bygdene i kommunen er dermed råka av større eller mindre kraftutbyggingar (sjå figur 1). Eit døme er bygda Valen, 7 km frå Hellandsvassdraget, der Valedalen er under utbygging av Kvinnherad Energi. Anleggsarbeidet har sterkt redusert området sin verdi som friluftsområde. Hellandsvassdraget framstår i dag som tilnærma urørt, og tilbyr dermed noko spesielt i Kvinnherad, i umiddelbar nærleik til den tettast busette delen av kommunen. Elva er i høgste grad noko av det som dreg folk mot akkurat dette turområdet.

Ein eventuell konsesjon til å byggja ut Hellandsvassdraget vil ytterlegare redusera tilgangen til sentrumsnære friluftareal i ytre Kvinnherad som kan nyttast utan bruk av bil.



Figur 1 Omsynet til «samlede virkninger» av tiltaket må sjåast i lys av allereie gjennomførte, vedtatte, planlagte eller godkjente tiltak i influensområdet. Kjelde: NVE Atlas.

⁶ <https://grind.no/industri-energi-naturressursar/vannkraft-i-hordaland>

- Hellandselva som landemerke

I søknaden til SKL kan me lese at Hellandselva, med visse unntak, ikkje utgjer eit tydeleg landskapselement.⁷ Dette meiner me er feil. Onarheimslia, der Hellandselva renn, vender seg visuelt mot Husnes – Sundeområdet. Til forskjell frå mange elver på Vestlandet som renn i lausmassar, renn Hellandselva frå Bremstølen fritt over berg. Dette gjer den godt synleg både frå stiane i området og frå Husnes, og framstår for mange nettopp som eit tydeleg landemerke (sjå biletet under). Dette området er ikkje dekkja av skog nettopp fordi det består av berg og vil difor heller ikkje bli skogdekt etter ei eventuell utbygging. Mange ser elva tydeleg frå heimen sin. Elva er også godt synleg frå sentrum, med kjøpesenter, skular, barnehagar og sjukeheim, samt frå deler av Fylkesvei 48. Det er direkte feil å hevde at elva ikkje er synleg frå Fv48, slik det står i konsesjonssøknaden.⁸ I tillegg ser ein elva tydeleg frå fjorden.




Foto: Hellandselva fotografert frå Husnes sentrum – eit tydeleg landemerke. Fotograf: Tove Heimvik.

Ved ei eventuell utbygging vil elva som landemerke i stor grad forsvinne. Utbygginga vil føre til ei redusert vassføring på ein 1850 m lang del av elvestrekninga. I følgje SKL sin konsesjonsøknad vil vatnet bli ført i tunell frå betongdammen, og sommarvassføringa vil bli redusert til om lag 200 l/sekund, tilsvarende eit lite badekar, og 85 l/s om vinteren, omtrent som eit lite akvarium. SKL skriv at «i perioder med høgere vannføring, får elva en tilstand som er nærmere den naturlige», men desse «periodane» er forsvinnande få og korte. Berre om lag 42 dagar i året vil det vere meir enn minstevassføring i elva, øvrige 323 dagar vil dagens

⁷ SKL, 2017, s. 38.

⁸ SKL, 2017, s. 38.

viltre elv vere redusert til ein liten sildrebekk. Reduseringa av vassmengda vil i følge SKL vere «negativ for rekreasjonsopplevelsen langs elveløpet» og slepp av minstevassføring «vil i liten grad avbøte på det visuelle inntrykket».⁹ At den visuelle effekten av redusert vassføring «de fleste steder dempes av at det står tett skogvegetasjon inn mot vannstrengen» er ei sanning med modifikasjonar - sjå biletet over. Utsikta mot den kvite elva vil med ei utbygging bytast ut med eit 1200 x 24 meter sår i skoglandskapet der røyrkata går. Det vil ta år før dette gror igjen,¹⁰ og sjølv etter lang tid kan ikkje SKL ha større tre rett over røyrkata. Dette, saman med at elva vil vere varig vekke, fører til at utbygginga gjev varige endringar og sår i landskapet.

I «Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021» er det gjort ei områdevurdering. I avsnittet 5.12 «Delområde 12 Rosendal – Husnes» står det at «Utbyggingsprosjekt må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep».¹¹ Ei utbygging av Hellandselva kjem i høgste grad i konflikt med dette. Me legg til utdraget frå retningslinjer for små vasskraftverk frå Olje- og energidepartementet der det står at: «Inngrep som medfører bortfall eller vesentlig reduksjon av dominerende landskapselementer, for eksempel fosser i fossefjordlandskap, bør som hovedregel unngås».¹² Ei utbygging av Hellandselva slik den er planlagt kjem i konflikt med dette.

- Bruk av området/folkehelse

Området som vert påverka av ei eventuell utbygging er lett tilgjengeleg og ligg nær Husnes sentrum (startpunkt 1 km frå sentrum) og er mykje nytta av brukarar frå ytre Kvinnherad, som Husnes, Sunde, Valen og Halsnøy (vel 6000 innbyggjarar), samt tilreisande, m.a. båtturistar i populære Husnes båthamn.¹³ Som nemnd er området kartlagt som «Svært viktig friluftslivsområde» med «stor brukarsekvens» i Kvinnherad kommune si kartlegging (sjå vedlegg 1). Til nå i 2017 har 3198 personar skrive seg i boka som ligg ved Bremstølen. Her viser besøkstala frå dei siste seks åra, registrert av SØRAL Bedriftsidrettslag, som har plassert ut boka ved Bremstølen. Sidan ikkje alle skriv seg i boka, må ein rekne med at besøkstala er høgare.

År	Besøkstal
2016	3278
2015	3161
2014	3409
2013	2844
2012	1563

⁹ SKL, 2017, s. 38.

¹⁰ SKL, 2017, s. 23.

¹¹ <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/regionale-planar/smakraftplan-etter-vedtak-i-md-webutgave.pdf>

¹² <https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/oed/pdf20filer/retningslinjer-for-sma-vannkraftverk.pdf>

¹³ Husnes Båthavn har fleire gonger blitt kåra til årets båthavn. På nettsida si reklamerer dei med at det finst mange gode turalternativ i området: <http://www.husnesbaathavn.no/>

2011	1891
2010	2477

I konsesjonsøknaden s. 43 går det fram at «Turgåing i sommerhalvåret er en klar dominerende aktivitet, med et godt merket løypenett». Til dette punktet vil me kommentere at stiane opp til Bremstølen ikkje berre vert mykje nytta om sommaren, men stort sett heile året (sjå biletet under). På sørsida av Hellandselva går ein sti som i parti følgjer tett opp mot elva (Stølsvegen). Dette er ei rute som dei siste åra er flott steinsatt, grøfta og restaurert av lokale eldsjeler. Denne stien er i dag den klart mest brukte løypa til Bremstølen. Her er det tørt og fint å gå heile året.



Foto: Bremstølen er eit vakkert og godt eigna turmål året rundt. Fotograf: Even Grønstøl Hauge.




Foto: Godt tilrettelagte stiar på veg til Bremstølen langs Stølsvegen. Fotograf: Sven Løkeland



Foto: Stølsvegen går i parti heilt inntil Hellandselva. Elva er ein viktig del av turopplevinga. Fotograf: Sven Løkeland

Turområdet er lett tilgjengeleg for svært mange. Ein kan nå Bremstølen etter jobb eller i helger og turen er tilgjengeleg for folk i alle aldrar; for eldre, småbarnsfamiliar og for dei som vil ta ein lengre tur vidare opp i fjella. For mange er det slik at ein kan gå frå heimen sin og opp til Bremstølen. I dette ligg det ein enorm folkehelsegevinst, så vel som ein miljøgevinst. Med umiddelbar nærleik til Husnes blir området også brukt av skuleklassar. Husnes har barneskule, ungdomsskule og vidaregåande skule, med til saman om lag 900 elevar. Tilgang til rekreasjon og friluftsliv har stor verdi og er ein kvalitet som bidreg til å gjere Husnes til eit attraktivt lokalsamfunn både for fastbuande, tilreisande og tilflyttarar. I eit folkehelseperspektiv er det viktig med lett tilgjengelege og nærliggjande friluftsområde som kan nyttast i kvardagen og på ettermiddagen, gjerne utan bruk av bil. Dette er i høgste grad gjeldande for dette turområdet, og gjeld som nemnd for breie brukargrupper. Hordaland fylkeskommune skriv i sitt saksframlegg¹⁴ om Onarheim kraftverk at «Tiltaket vil redusere opplevingsverdien i eit populært og lett tilgjengeleg friluftsområde. Dette kan påvirke folkehelsa negativt, gjennom mindre bruk av naturen til mosjon og rekreasjon.» Dei viser her til Hordaland Fylkeskommune sin folkehelseplan for 2014-2025, delmål 2,2.¹⁵

Hellandselva og Bremstølen er også ein stad ein passerer på veg til mange andre turar, og er ein av dei viktigaste innfallsportane og knutepunkta til Husnesfjella. Sundstølen, Svartavatnet, Englafjell, Manen, Mjelkhaug, Nordfjell og Vardhaugselet er naturlege turmål frå Bremstølen. Ein kjem her inn i eit større samanhengande naturområde med urørt preg. Inngrepet ved Bremstølvatnet vil vere i umiddelbar randsone til noko som kan oppfattast som ein del av eit større samanhengande naturområde med urørt preg for friluftslivet, og eit inngrep ved Bremstølsvatnet vil føre til bortfall etter INON-indikatoren av inngrepsfri natur sone 1 (3-5 km frå tyngre tekniske inngrep) og sone 2 (1-3 km frå tyngre tekniske inngrep), sjå figur 32 under, henta frå s. 43 i rapporten til Rådgivende biologer.



Figur 32. Virkingen av tiltaket på inngrepsfrie naturområder (INON) omkring Onarheimselva.

Me viser i denne samanheng til Energi- og miljøkomiteen si handsaming av friluftslivmeldinga der fleirtalet av medlemmene kom fram til følgjande (Innst. 26 S (2016–2017)): "Et annet flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Venstre, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet De Grønne, viser til at natur uten vesentlige og tunge naturinngrep har en egenverdi, og er en særlig opplevelsesverdi for mange mennesker. Det skjer omfattende endringer i norsk natur der stadig større deler blir berørt av tyngre naturinngrep som veiutbygginger, utbygging til energiformål m.m., slik at urørte områder er et knapphetsgode. Begrepet «inngrepsfrie naturområder» (INON) har vært brukt som et forvaltningsverktøy for å følge utviklingen i omfanget av urørte naturområder".¹⁶ Sidan Bremstølsområdet har eit inngrepsfritt preg, og det er ein av dei viktigaste inngangsportane til eit større samanhengande naturområde med urørt preg, er dette noko me meiner bør takast omsyn til i denne saka.

Området har også to opne hytter; Svartavatnhytta og Vardhaugselet. I tillegg har området kvalitetar som kulturlandskap, med lafta hytter og gamle stølsmurar langs vegen. Sjå lenke til kart på ut.no for dei markerte turløypene. Det må leggst til at den omtalte Stølsvegen ikkje er markert på dette kartet. Bremstølsvatnet blir her, og i ein del andre offentlege kart omtala som Krolivatnet.



Foto: Frå Svartavatnhytta, oppfor Bremstølen. Fotograf: Anne Kari Enes.

¹⁶ <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2016-2017/inns-201617-026s/?m=1>



Foto: Ein rast ved den vakre hytta i Krolia, på veg opp til Bremstølen. Fotograf: Mari Teigen Varanes

Elva er ein svært viktig del av turopplevinga, og noko av det som gjer dette til eit så attraktivt område. Å oppleve ei rennande, mektig elv er noko som fascinerer mange, og i Kvinnherad er det etter kvart ikkje sjølvstøtt å oppleve dette i nærmiljøet. Effekten elva har for turopplevinga er vanskeleg å skildre, men me oppmodar dykk til å sjå denne videoen filma frå Bremstølen i sommar av Jarle Larsen (best kvalitet om de vel lenka på Facebook og vel full kvalitet), samt bileta under: <https://www.facebook.com/jarle.larsen.5/videos/10214761553621586/?fref=ts>



IMG_2138 (1).3gp



Foto: Utsikt frå Bremstølen nedover elva. Inntaket er planlagt oppfor dette. Fotograf: Anne Kari Enes



Foto: Utsikt frå Bremstølen. Fotograf: Mari Teigen Varanes

Ei utbygging av Onarheim kraftverk vil gjere den vakre elva de ser i videoen/bileta om til ein liten bekk. Me viser igjen til SKL sin søknad der det står at reduseringa av vassmengda vil vere «negativ for rekreasjonsopplevelsen langs elveløpet».¹⁷

Området på Bremstølen vil også bli påverka utover konsekvensane for vassføringa i elva, sjølv om me saknar informasjon i søknaden om kor store inngrepa vil bli. Det som kjem fram er at det blir ei demning på 16 x 2/12 x 2 m og eit lukehus på 9 m². Dette, ilag med anleggsarbeid i eit sårbart berglandskap, vil føre til varige inngrep. Dette vil føre til negative konsekvensar for alle dei turgåarane som nyttar Bremstølen, anten som turens mål, eller som naturleg pauseplass på veg til turmål lenger inne i fjellet.



Foto: Pause på Bremstølen. Fotograf: Mona Grønningen/Kvinnheringen:
<https://www.kvinnheringen.no/bremstolen/paske/tur/den-store-turdagen/s/5-27-44034>

Anleggsperioden vil dessutan påverke turområdet negativt: «Støy og økt trafikk i anleggsperioden vil være negativt for utøvelse av jakt og andre friluftsinnteresser.»¹⁸ Å påverke eit så mykje brukt turområde gjennom utbygging og anleggsarbeid kjem i konflikt med Hordaland sin fylkesdelsplan for små vasskraftverk som me viste til i innleiinga, der det blir peika på at nye utbyggingar ikkje bør gå ut over opplevingskvalitetane i friluftsområde med høg verdi. Å seie at den negative verknaden etter anleggsfasen blir liten meiner me også er direkte feil, ut frå argumentasjonen over. Ei utbygging av Onarheim kraftverk vil etter vår meining gjere Bremstølen og området langs Hellandsvassdraget til eit langt mindre attraktivt friluftsområde enn det er i dag, på kort og lang sikt.

Aktivitetsferie og turisme basert på friluftsliv, jakt og fiske er eit viktig satsingsområde på Vestlandet og også i Kvinnherad. Ytterlegare vasskraftutbygging vil svekke grunnlaget for denne nisjen, også for turistar på dagsbesøk. Husnes Båthamn er ein særskild populær destinasjon

¹⁷ SKL, 2017, s. 43.

¹⁸ SKL, 2017, s. 43.

for tilreisande båtturistar og nedbygging av lokale turområde som Bremstølen vil også vere negativt i høve denne målgruppa.

- Lokalt engasjement

Etter at det vart kjent at det var planlagt utbygging av Hellandsvassdraget har det vore eit stort lokalt engasjement for å hindre dette. Kvinnherad Turlag oppretta facebookgruppa «Vern Bremstølen!» i april 2017. Denne gruppa har i dag 1109 medlemmer. Her uttrykker folk sine tankar om utbygginga og deler turopplevingar frå området. Gruppa er dermed ein viktig del av vår uttale, og me oppmodar dykk om å kikke på sida for å få eit inntrykk av kva området betyr for folk: <https://www.facebook.com/groups/182010868987507/?fref=ts>

Underskriftskampanjen som ligg vedlagt, oppretta av Kvinnherad Turlag, med 635 underskrifter, viser også engasjementet i denne saka (vedlegg 2).

Søndag 22.oktober arrangerte Kvinnherad Turlag fellestur til Bremstølen for dei som ønska å støtte eit vern av området. Mellom 150 og 200 turgåarar møtte opp, trass surt vær. Dette kan de lese om her: <https://www.kvinnheringen.no/bremstolen/skl/aksjon/aksjonerte-for-bremstolen/s/5-27-60350>

Desse sakene viser kva Bremstølen og Hellandselva betyr for lokalbefolkninga i Kvinnherad. Utbygginga vil ha negative konsekvensar for lokalt friluftsliv, rekreasjon og folkehelse i brei forstand, og dessutan for Husnes sine kvalitetar som lokalsamfunn og som eit attraktivt område for tilflytting og turisme. At så mange engasjerer seg mot utbygginga understrekar det faktum at dette er eit svært viktig og høgt verdsett område for mange i lokalsamfunnet slik det er i dag, utan ei utbygging.

Konklusjon og tilråding

65% av vassdraga på landsbasis er berørt av vasskraftutbygging og 130 av de 200 største vassdraga er bygd ut.¹⁹ Hordaland er det mest utbygde fylket i landet og i Kvinnherad er allereie over 90% av vassdraga berørt av kraftutbygging.

Utbygging av vasskraft og rein energi har vore og er framleis ein viktig føresetnad for vår velstandsutvikling. Samstundes, og med den utbyggingsgrad ein finn i vårt fylke og i Kvinnherad kommune, er det viktig at og andre verdiar og omsyn vert ivaretatt, m.a. i høve friluftsliv og folkehelse, føresetnader for framvekst av attraktive lokalsamfunn og som grunnlag for friluftsbasert turisme.

Vurderer ein fordeler opp mot ulemper er det vår meining at det vil gje langt meir samfunnsnytte å ta vare på Hellandsvassdraget slik det ligg i dag heller enn å gje konsesjon til ei utbygging. Hellandselva bidrar allereie nok til samfunnsnyttige formål. Ei utbygging vil kome i strid med allmenne interesser knytt til friluftsliv, naturoppleving og landskapsinntrykk. Redusert vassføring på eit langt strekke av elva og inngrep i området kring Bremstøl vil redusere verdien av vassdraget og landskapet ytterlegare, eit landskap som i dag har eit urørt preg.

¹⁹ <https://www.dnt.no/energi-og-vassdrag/>

Hellandsvassdraget utgjer i dag eit sentrumsnært område for trim, friluftsliv, trivsel og folkehelse i brei forstand og må reknast som ein viktig føresetnad for eit attraktivt lokalsamfunn. Det handlar om å ta vare på høve til friluftsliv, med den glede, naturoppleving og helsegevinst det kan gi, for oss i dag, men også for dei som kjem etter oss.

På denne bakgrunn vil me oppmode NVE om å avslå SKL sin søknad om konsesjon for utbygging av Hellandsvassdraget.

Kvinnherad Turlag

Bergen og Hordaland Turlag

Naturvernforbundet i Kvinnherad

Husnes KFUK – KFUM

LHL Kvinnherad

Miljøpartiet Dei Grøne Kvinnherad

Hordaland Raudt

Kvinnherad Raudt


Hordaland SV

Kvinnherad SV

Kvinnherad Venstre

VEDLEGG 1: Kartlegging av Bremstølen/Hellandselva i Hordaland fylkeskommune og Kvinnherad kommune.

Området kring «Bremstøl» og delar av Hellandselva er klassifisert som «Viktig» i den regionale friluftslivskartlegginga frå 2008. Dei regionale planane viser til dette kartgrunnlaget. MEN, det er viktig å hugsa på føresetnadene for den regionale kartlegginga og verdsetting av friluftslivsområder (2008). Registrert friluftslivsområde i den fylkeskommunale kartlegginga, men ei utdjupande kommunal kartlegging av friluftslivsområda sin bruk og verdi i Kvinnherad er gjennomført. Den fylkeskommunale kartlegginga vart vurdert som eit førebels arbeid, som skulle supplerast av framtidige kartleggingar, jf. s. 11 i prosjektrapporten 2008: «Det vil vere naudsynt å arbeide vidare med å betre kunnskapsgrunnlaget om folk sin bruk av friluftsområde. I denne samanheng vil det vere nyttig å trekke inn lokale turlag, velforeiningar og andre brukargrupper for å få ein grundigare gjennomgang av ulike areal sin verdi for friluftsutøving lokalt og regionalt». Målet er at friluftslivsområder vert kartlagt kommunalt innan 2018 (+1 2019). Kvinnherad kommune har nytta rettleiaren M98/2013 frå Miljødirektoratet for å skildra området sin bruk og verdi for friluftslivet. Kartlegginga til Kvinnherad kommune etter M98/2013 må vurderast som ei utdjuping av den regionale kartlegginga, jf. dei regionale retningslinjene for friluftsliv og ny fornybarproduksjon. Den regionale kartlegginga er grovmaske og dekkjer eit større område, medan den kommunale kartlegginga dekkjer eit meir spesifikt område. Til dømes er området Hellandselva og Bremstøl del av eit område omtalt som «Stort turområde uten tilrettelegging», men den kommunale kartlegginga fangar opp at dette er ein del av «Store turområder med tilrettelegging» og verdisatt som «Svært viktig». Vurderinga av samla last må også gjerast i høve verdien dette området har for befolkninga, og for landskaps- og naturopplevinga.



Hellandselva og Bremstøl inngår i det regionale friluftslivsområdet «Englafjell – Mjelkhaug» som er rekna som «Viktig» i regional samanheng (2008). Kjelde: Hordaland fylkeskommune

Vern Bremstølen og Hellandselva!

Underskriftskampanje

Samlet inn via Underskrift.no - Norges største på underskriftskampanjer

Link til kampanje: <http://www.underskrift.no/vis/6907>

Kampanjetekst

Bremstølen er eit av dei mest besøkte turmåla i Kvinnherad. I Kvinnherad kommune si kartlegging av friluftsområder er området langs Hellandselva og Bremstølen vurdert til "Svært viktig friluftsområde" med "Stor brukarsekvens". Med gangavstand frå Husnes sentrum, vakre og gode turstiar, flott utsikt, eit idyllisk vatn og ei brusande elv, er det ikkje rart at dette er eit turområde mange set pris på.

SKL har søkt om å bygge ut Hellandselva, med ein inntaksdam på 16 x 2 meter like nedstrøms vatnet på Bremstølen. Dette vil gjere området rundt Bremstølen og Hellandselva til eit mellombels anleggsområde, og den brusande elva vil bli omgjort til ein liten bekk. Dette vil også påverke landskapsbiletet sett frå Husnes. Desse negative konsekvensane blir også påpeika i søknaden til SKL: "Fraføring av vann i Hellandselva vil være visuelt negativt for rekreasjonsopplevelsen langs elveløpet" og ei minstevassføring vil "kun i avgrenset grad avbøte landskapseffekten".

Kvinnherad turlag meiner at den høge verdien Bremstølen har som nært og kjært tur- og rekreasjonsmål må vegast opp mot den svært beskjedne økonomiske gevinsten utbygginga vil gi SKL og grunneigarar, og at andre verdier enn kraftutbygging må telje med. Turistar reiser frå heile verda for å sjå dei mektige elvane og fossane våre, og her har me noko så unikt i vår eigen bakgard. For unikt er akkurat det det er, i ein kommune som Kvinnherad der over 90 % av vassdraga er berørt av vasskraftutbygging. Det er snart for seint å ta desse siste "urørte" elvene for gitt!

Skriv under og del denne kampanjen om du meiner at Hellandselva og Bremstølen må vernast frå kraftutbygging.

Registrerte underskrifter

#	Navn
1	Mari Teigen Varanes
2	Ingebjørg Holmedal
3	Karoline Eide Holmedal
4	May Lisbeth Åsen
5	Are Blokhus
6	Cathrine skogseth
7	Lars Tobias Teigen Varanes
8	Turid Teigen
9	Liv Rose Olderkjær Larsen
10	Monica Hovland Nilsen
11	Iris Hammerø
12	Randi V Skåla
13	Stig Magne Frøystein
14	Randi Grønstøl
15	Bent Einar Røssland
16	Linda Askeland
17	Norvald Hauge
18	Grete Rørvik
19	Solveig Dahl
20	Reidar Olderkjær
21	Henrik Lægreid Røssland

#	Navn
22	Line E Seljeseth
23	Inge Harald Seljestad
24	Håkon Sletten
25	Britt Mari Ludvigsen
26	Jorunn Mølster
27	Siw Regine Hovland Nilsen
28	Arild Vangen
29	Leif Jordal
30	Egil Vaage
31	Ellinor Hasle
32	Arild ersland
33	Åsmund Fagna
34	Turid Mevik
35	Helge Saghaug
36	Dag Edvard Remme
37	Vibeke Gjerde Teigen
38	Andreas Fjellandsbø Antonsen
39	Vivian Hansen Bøe
40	Martha Teigen Varanes
41	Nils Magnus Rødland
42	Anja Ersland Midtbø
43	Amalie Røstbø
44	Jan Erik Olsen
45	Eirik Werner Eikeland
46	Gry Fykse
47	Irene Olderkjær

#	Navn
48	Linda Iversen
49	Runa Isene
50	Vegard Røssland
51	Christoffer Hjelmeland
52	janicke ersland
53	Sandra Selsvik Totland
54	Ragnhild Markhus
55	Ståle Midtbø
56	Mette Heggenes
57	Widar Sahr
58	Bente Døssland Helvik
59	Daniel Røyrvik
60	Grete Sahr
61	Lena Øyre Leirdal
62	Veronica Thorsen
63	Anne Sofie ulstad
64	Renate Engelsen
65	Hilde Svalbjørg
66	Elin Enes Bondhus
67	Per Arne Leirvik
68	Karen Bogsnes
69	Robert Tungesvik
70	Gro Sævereid
71	Bjørg Frøystein Huse
72	Sunniva Kleven Volden
73	Anders Kjerpeset

#	Navn
74	Tove Helen Ottesen
75	Jan Martin Skaaluren
76	Svein Erik Olufsen
77	Sonja Marie Saghaug
78	Johnny Øvstebø
79	Marit Teigen
80	Roar sandvik
81	Linda Gilstad
82	Chris Henning Johnsen
83	Ingar hauge
84	Sylvi Hjelmeland
85	Elin Enes
86	Tone Kristin Ingvaldsen
87	Geir Jan Antonsen
88	Karen Løvfall Våge
89	Merete Nilsen
90	Grete Lise Sjo
91	Heine Bjørgen
92	Sissel fagerheim
93	Helene Tveit Eik
94	Margit eriksen
95	Margit eriksen
96	Irene Sahr
97	Andreas Røssland
98	Solveig Haugland
99	Julie Kambe

#	Navn
100	Inger Lill P Ersland
101	Ida Iversen Skjeie
102	Aina Solberg
103	Helene Saghaug Lillesletten
104	Barbro Ijung njøten
105	Monica Kaldestad Mathisen
106	Martin Fykse
107	Harald irlens
108	Evy Janne Nordal
109	Janne prestnes
110	Ellinor Anderson
111	Linda Lillesletten
112	Ingrid selsvik
113	Edvard Hamre
114	Silhe therese walseth
115	Tove Heimvik
116	Christine Skogseth Bjørsvik
117	Tone Andreassen Vik
118	Silje vik
119	Vidar Teigen
120	Anne Karin Leirvik
121	Anna Kathrine Bjelland Mathisen
122	Åge Emil Prestnes
123	Trine Iversen Skjeie
124	Kristine Ljostveit
125	Even Grønstøl Hauge

#	Navn
126	Terje Oddvin Bruket
127	Gunn Heidi Eikemo Steine
128	Johanne Teigen
129	Øystein Markhus
130	Marielle Grindheim
131	Kristin Lindseth
132	Sigri E. Bjelland
133	Eilin Iversen
134	Karoline Matilde Omdal
135	Astrid Haugland
136	Oddvar Nordfonn
137	Thomas Hoem
138	Olav Røssland
139	Harald Høgestøl
140	Åshild Midtbø
141	Harald saghaug
142	Tarjei Tjeldflåt
143	Anne Lise Huneide
144	Tor Opsanger
145	Kjersti krossnes
146	Anne Karin Helvik
147	Geir Olav Jørgensen
148	Anne Tofte
149	Erik Sætre
150	Toril Andersen
151	Marie Larssen

#	Navn
152	Anne Kari Enes
153	Heidi Bolette Jakobsen
154	Tone Læg Reid
155	Grethe Fredheim
156	Runhild Kjeldaas
157	Grethe Fredheim
158	Jonas Are Mehl
159	Lena Myrvold
160	Hege Digranes Lilleaas
161	Hermund Fenne
162	Lars Erik Storstad
163	Jan Erik Ersland
164	Leiv Trygve Varanes
165	Åshild Velken Røstbø
166	Jens Kristian hauge
167	Kari marie thorkildsen
168	Marta Ljone
169	Elisabeth Harnden Vermedal
170	Rolf P. Høydal
171	Jonny Lygre
172	Mona Økland
173	Madelen Hansen Tungesvik
174	Georg Røssland
175	Elisabeth Croles
176	Marie Schille
177	Kristine Sahr

#	Navn
178	Stig Eriksen
179	Marianne Prestnes Ersland
180	Jonny Mikalsen
181	Anne Marit Eikemo Ersland
182	Torunn Svantesen
183	Vigdis Grønhaug
184	Anette Huse Borgen
185	Brit Inger Bø
186	Caroline Holmedal
187	Silje Rusten
188	Anne Britt Hauge
189	Knut Steinar hansen
190	Liv Teigen
191	Gro Rusten Saghaug
192	Silje Hjelmeland
193	Wenche t sjo
194	Siv Framnes
195	Ragna Bogsnes Hegge
196	Geir Tungesvik
197	Sven Løkeland
198	olaug
199	Susanne Teigen Meling
200	Liv Slettemark
201	Hanne Vaulen
202	Trine Frøystein Gjervik
203	Susanne Eriksen

#	Navn
204	Nelly Caroline Skorpen
205	Emilie Helen Røssland
206	Trond-Arild Frøystein
207	Anette Agledal Gregersen
208	Ørjan Røssland
209	Thomas Thiis
210	Anita Borgen Vågen
211	Aud Helene Øen
212	Vegard Teigen Stueland
213	Åge Vik
214	Reidar Handeland
215	Daniel Haugland
216	Aina Myster Olsen
217	Geir Vikane
218	Jan Roger Olsen
219	Morten Karlsen
220	Silje Eide Rusten
221	Aslak Krohn Hansen
222	Heidi Vimme
223	Hege Therese Ramski
224	Knut Halvor Møgster
225	Ingunn Onarheim Johnsen
226	Benedicte sjo Tislevoll
227	Tørris Skaaluren
228	Daniel Sandal
229	Kine Cecilie Stensletten

#	Navn
230	Natalie hjelmeland
231	Anne Grethe Lindseth
232	Stine kaldestad
233	Gunn Hege Nyrud
234	Peter Helmers Øvrebø
235	Silje Veronica Teigen Solheim
236	Ane Oline Remme
237	Bernt Hjelmeland
238	Sigrun Ramski
239	Katrin Fallmyr
240	Maren Hvidsten Lien
241	Torunn Davidsen
242	Mona Yvonne Olufsen
243	Ingrid Johansen
244	Torkel Helvik
245	Knut Brotnow
246	Rune Guddal
247	Ida Grønstøl Hauge
248	Bente slåke
249	Atie Skarveland
250	Amalie Ersland Hellås
251	Sigrunn Heen
252	Pontus Christensson
253	Svein Opdal
254	Arne Roger Hansen
255	Øystein Bønes

#	Navn
256	Anne Sissel Fjellamdsbø
257	Stian huse
258	Geir huse
259	viviann brede souyris
260	May Britt Bekvik Bendiksen
261	Charlotte østeng
262	Magnus Stueland
263	Jon Vidar Helvik
264	Tone Bjørke
265	Camilla Skaråsen Heimvik
266	Shahin Homayoun
267	Margunn Storækre
268	Cecilie Boland Romslo
269	Roald Eide
270	Pauline Elisabeth Haugland Vik
271	Per Erik Paulsen
272	dagfinn sjo
273	Eldbjørg Teigen
274	Ingrid Sævareid Anfinsen
275	Geir Sverre Andreassen
276	Unni Helland Heggøy
277	Marit J. Rørvik
278	Ingvild Marie Hilde
279	Roar Teigen
280	Jan-Ove Fagerheim
281	Elisabet Anuglen Kalsås

#	Navn
282	Mads Knutsen
283	Thomas Fredlund
284	Nils Selmet Draugsvoll
285	Åge Bjørsvik
286	Bjørnar G. Eik
287	André Marton Pedersen
288	Marius Hjelmeland Olsen
289	Nicolas Rodriguez
290	Tor Harald Bringedal
291	Thea
292	Ellen Blytt
293	Frode Enes
294	Frode Aakre
295	Kjell Arne Olderkjær Larsen
296	Martha Elisabeth hope ravenel
297	Åge Kolaas
298	Sonja Løland
299	Marianne Kayser Bakke
300	Gunnar Holm
301	Roger Hartveit
302	Egil Magne holthe
303	Kjetil Melkersen
304	Turid Lægreid
305	Bodil helvik Forsdahl
306	Sondre Bjelland
307	Monica Lindseth

#	Navn
308	Lars Werner Solheim
309	Geir Yven
310	Line Steffensen Holmedal
311	Jan Horne
312	thomas sejrurp
313	Frode Blom
314	Trude
315	Kjersti Sund
316	Camilla Fonneland Sandberg
317	Mona Enes
318	Odd-Kåre Håvik
319	Arne Dyrøy
320	Kristin Tjelle
321	Merete Hansen
322	Unn Tone Haavik Eikeland
323	Nina Medhus
324	Torill Storhaug Fotland
325	Åsta Tharaldsen Smith
326	Maren Helland
327	Hege birgithe weberg
328	Knut Rune Fatland
329	Maria S thorsen
330	Trude Grønningen
331	Erna Mikkelsen
332	Silje Iren Solibakke
333	Ronny gudding

#	Navn
334	Lillian Tveit Liarstøl
335	Helene Ødven
336	Ørjan Berge
337	Ørjan Sælensminde
338	Gerd Reidun Pettersen
339	Reidun Ekeland
340	Johnny Normann
341	Melina Christin Bidne
342	Hanne Mæhlum
343	Inger Svare Mordet
344	Aksel Melkersen
345	Ståle Schille
346	Ingrid Rørdal Sjø
347	Kari Ellen Dyrøy
348	Audhild H Nilsen
349	Aina Måkestad
350	Lasse Tuastad
351	Håkon Røstbø
352	Bjørn Samland
353	Ingunn Musland
354	Espen Ulvin
355	Jarle Larsen
356	Anne Grete Offerdal
357	Sigunn askeland antonsen
358	Bente-Lill Aaberg
359	Jarle Bruntveit

#	Navn
360	Frode Lillebø
361	Karin Seeberg
362	Kristian Hus
363	Ingeborg Helvik
364	Alv martin Havneraas
365	Nils Magne Helle
366	Lars Arve Røssland
367	Kristine Frøystein Reime
368	Hanne Larsen
369	Vanja joleik
370	Lars Børge Sæberg
371	stian nilsen
372	Anders Michael Øiestad
373	Roald Birkelund
374	Jan Helge Røssland
375	Marit Grønstøl
376	Jorunn Fjellandsbø
377	Astrid Fjellandsbø Røstbø
378	Liv Løberg
379	Trond Smith
380	Ella Thereses Gudding
381	Anne Marthe Grønstøl
382	Marius Grønstøl
383	Leif Harald Hollevik
384	Tove Birkelund
385	Christin Sund

#	Navn
386	Leif Kristian Tungodden
387	Siw Birgitte Solberg Vamråk
388	Georg Anuglen
389	Morten Sund
390	Kristin Sletten
391	Marie Lagård Eide
392	Ingvild Olderkjær
393	Camilla Ekeland
394	Mona Øvstebø
395	Anne Kaldestad
396	Heidi Lee
397	Karna Smith
398	Leif Jarle Kaldestad
399	Heidi Veronica Skarveland
400	Kristine Thorsen
401	Sarit Jørgensen
402	Margunn Rydland Melkersen
403	Arild Alvsåker
404	Vigdis Alice Angell
405	Isaac Jørgensen
406	Amund Døssland Helvik
407	Emil Døssland Helvik
408	Jarle Solheim
409	Lars Anuglen Kalsås
410	Sissel Haveland
411	Per Magne Vik

#	Navn
412	Vegard Kyrkjebø
413	Ingunn Hornenes
414	wenche seljelid
415	Helge Eriksen
416	Sigmund Spjelkavik
417	Synneva Stuland
418	emma haglund
419	Ragna volden
420	Arne Hauge
421	Liv Nora Skjellevik
422	harald hæggernæs
423	Brynhild stokka
424	Atle haugland
425	Terje Smith
426	Veslemøy L. Fossåen
427	Øystein Nygård
428	marius Haukland
429	Katrine Stensletten Hagan
430	Endre Johan Rygg
431	Einar Hauge
432	Espen Bauge
433	Mathias Sætre Sollien
434	Ingrid sanne
435	Magnus Høivilu
436	Kenneth Blokhus
437	Martin hauge

#	Navn
438	Lena-Kristin Larsen
439	Peder Meling
440	Renate Røssland
441	rudi olderkjær
442	Ingvild haugse
443	Martha Helene Stormoen
444	EllenNundal Rørvik
445	Beate Ringkjøb
446	Christian Smith
447	Jane T. Nundal
448	Kari Fausk Blokhus
449	Rolf Kirknes
450	Kjell Yri
451	Ismo Peltoarvo
452	Lene Vaulen
453	Helene Irgens Sjø
454	Siren Johanne Leirvik Johansen
455	Marita Olderkjær
456	Håkon Guddal
457	Liv Vigdis Agledal
458	Jessica Hansen
459	Janne Hatlestad
460	Lars Røyrvik
461	Silje Teigen
462	Reidun Dyrdal
463	Solveig alvsaker

#	Navn
464	Kristina saghaug
465	Mette Kambe
466	Kristine Rørdal Sjo
467	Anders Samland
468	Laila Thorkelsen Kleven
469	Berit Helvik
470	Audun Bjelland
471	Egil Vaage
472	Wenche Bjelland Holmedal
473	Ole Bjarte Røssland
474	Dag Sigurd Gregersen
475	Finn Opsahl
476	Anne Britt Bjelland
477	Ellen Teigen
478	Torill netteland
479	Linda Helen Johnsen Ask
480	Helena Skarveland
481	Sissel Marie pedersen
482	Helga Yri Hivand
483	Aud Aina Lien Eide
484	Maria Santiago
485	Gaute Øiestad Slettemark
486	Ida Kristin Holm Karlsen
487	Trond Hauge
488	Judith Birkeland Hauge
489	Odd Arnold Hauge

#	Navn
490	Ann Katrin Aksnes Haugland
491	Kenneth Lindås
492	Hege Lægreid Røssland
493	Leif Dankert Thuland
494	Øivind Karlsen
495	Marit Holm Karlsen
496	Bodil Fjelland
497	Linn-Therese Sjo Tofte
498	Asle Sund
499	Ann Helen Aasen
500	Börje Gudding
501	Christer Pedersen
502	Elisabeth Eide Tofte
503	anita volden
504	Kjersti Veastad
505	Bente Sahr
506	Terje Saug
507	Frode Solheim
508	Aleksander Sahr
509	Veslemøy L. Fykse
510	Christian Lockert Hansen
511	Jostein Teigen
512	Elise Haavik
513	Tore Heen Ottesen
514	Brit Helen Hauan
515	Hege Anett Thoresen

#	Navn
516	Gunnar Leite
517	Møyfrid Kristoffersen
518	Ole Horn
519	Jorunn Raen Fykse
520	Jostein Røstbø
521	Kirsti Jebsen Mæland
522	Celina Asmervik
523	Olga Karin Asmervik
524	Oddvar Larsen
525	Berit Tøn Frøystein
526	Ragnhild Thorkildsen
527	Kjell H Knutsen
528	Åse M Knutsen
529	Gina Ness Valvatna
530	Madeleine Ersland
531	Mette Aasen
532	Odd Magne Ulvenes
533	Margunn-Anita Erdal
534	Janicke Eide
535	Ellinor Hasle
536	Siv Hansen
537	Kristin Høisæther
538	Monica Dahl
539	Sigrun Velken
540	Rune Aksnes
541	Siv Regine H. Nilsen

#	Navn
542	Linda Olsen
543	Siv-Hege Th. Nissestad
544	Anne Kristin Skauge
545	Bianka Hofmann
546	Gry Hege Grønningen
547	Arnfrid Grasdøl
548	Jannice Rasmussen
549	Arne Sunde
550	Knut Jan Kaldestad
551	Christian Bjørgen
552	Per Steinar Bjelland
553	Rune Matre
554	Liv Karin Santiago
555	Jane Rørvik
556	Julie H. Askeland
557	Jorunn H. Mølster
558	Thomas Andersen Guddal
559	Christina Roosendaal Sahr
560	Erling Tore Sahr
561	William Sahr
562	Andreas Dyrøy
563	Per-Ole Hammer
564	Tove Roosendaal Sahr
565	Ellen Roosendaal Sahr
566	Steinar Haugan
567	Hanna H. Solheim

#	Navn
568	Eli Haugan
569	Sondre Solheim
570	Kristian A Karlsen
571	Martin Bergo Selsjord
572	Christian Scharning
573	Linda Olderkjær
574	Malin Molden
575	Peter Løchstør
576	Silje Vik
577	Silje Vik
578	Kristine Granerud
579	Audun Grundberg
580	John Magne Skibenes
581	Frode Stensletten
582	Sofie Espevik Bjelland
583	Marie Helen Skauge
584	John Sigvald Skauge
585	Liv Opsanger
586	Kari Stensletten
587	Rune Vestervk
588	Amalie Aksnes Haugland
589	Martine Fredlund
590	Hanna Haugan Solheim
591	Solveig Holm
592	Marit Røssland
593	Hanne Svensen

#	Navn
594	Kine Cecilie Stensletten
595	Kristin Jensen Birkeland
596	Gunnbjørg Raudstein
597	Arne Johansen
598	Geir Berntzen
599	Sunniva Ljone Solfjell
600	Stine Idsøe
601	Torill Refsdal Aase
602	Bjørn Kåre Hilmen
603	Trygve Enes Eide
604	Anne Merete Hilmen
605	Lars Eschen
606	Arne Vatten
607	Even Nordø
608	Elin Nordås Olsen
609	Katrine Yri Røssland
610	Hanne Haugland
611	Yasmin Bjelland
612	Hanne Irene Handeland Remme
613	Øystein Sundal
614	Linn Cathrine Thunold
615	Margit eriksen
616	Maria Krakus
617	Githa Donskov Iversen
618	Sigmunn Rørvik
619	Asle Hindenes

#	Navn
620	Gerd Flattun Lilleeng
621	Åsmund Solfjell
622	Ingmar Hindenes
623	Inga teigland øye
624	Geir Nilssen
625	Richard hjelmeland
626	Stein sahr
627	Jorunn Røsseland
628	Roald Teigen
629	Otto Blokhus
630	Liv-Toril Røssland
631	Kristian Andersen
632	Emma B. Saghaug
633	Christian Svellingen
634	Nina Løyning
635	Oddbjørg Bjelland

Samlet inn via Underskrift.no - Norges største på underskriftskampanjer